

## Rapport: Formidlingsmidlar frå Nasjonalbiblioteket 2023:

# LESE-I-LAG: Shared Reading i Gloppen

Vi starta prosjektet med at den ansvarlege for gjennomføringa drog på 3 dagers metodekurs i Trondheim i vår. Haustens program vart planlagt i løpet av sommaren, og gjennomført i ein konsentrert periode frå august til november 2023.

### Gjennomføring:

Deltaking på metodekurs i Trondheim: 26.-29. april

3 Lese-i-lag-økter med bibliotektilsette i Nordfjordregionen:

Gloppen folkebibliotek, Sandane: 31. august

Stad bibliotek, avd Nordfjordeid: 14. september

Stryn bibliotek: 27. september

3 Lese-i-lag-økter på dagtid, kl. 11-12.30:

I eit gammalt bustadhuis: 18. september

I ei gamal stove på Nordfjord folkemuseum: 2. oktober

I Gloppen kommune sin kommunestyresal: 16. oktober

3 lese-i-lag-økter på kveldstid lagt til biblioteket på Sandane:

23. oktober

6. november

20. november



Figur 2 Kommunestyresalen i Gloppen.



Figur 1 Gamal stove, Nordfjord folkemuseum.

### **Praktiske erfaringar:**

Vi såg føre oss at deltakarane skulle melde seg på ein serie med 3 samlingar, slik at ein fekk etablert faste grupper. Det viste seg at for å rekrutere deltakarar var det best med separat påmelding for kvar samling. Det var likevel nokre som var med på dei fleste øktene, og utgjorde ei kjerne i gruppa, noko som fungerte fint og stabilisérande.

I kunngjeringsarbeidet endra vi namn på samlingane til det etablerte "Shared Reading". Ei uventa hindring dukka opp: Den samlinga som skulle foregå på eit støylsområde, kunne ikkje gjennomførast fordi der føregikk skogshogst med store maskiner, noko som gjorde vegen uframkomeleg. Det vart løyst dagen før med at nokon stilte eit eldre bustadhus til disposisjon.

Deltakarane var mest godt vaksne, og fleire kvinner enn menn. For å få ungdom som deltakarar, ser vi at kunngjeringsarbeidet måtte ha vore meir direkte mot den målgruppa, og ved bruk av andre kanalar.

### **Innhaldsmessige erfaringar:**

Kurs for leseleiarar i Shared Reading-metoden var svært nyttig og lærerikt - særleg når det gjeld å få verktøy for å tillate seg å dvele i og ved teksten, og å ha tillit til den velprøvde metoden. Det å stoppe meir opp i lesinga, gir ein større oppleveling av det vi les, var ein av erfaringane. Samt det å dele opplevelingen med fleire. Nokre av deltakarane uttrykte fleire gonger at "Denne teksten hadde eg gått raskt videre ifrå om eg hadde lest den åleine".

Andre reaksjonar: Måten leseleiar las på, samtidig som ho understreka at alle perspektiva til deltakarane var verdifulle, og at det ikkje berre var ein måte å forstå teksten på, opplevdes inkluderande. Det å stoppe opp undervegs og spørje ope: Kva skjer her? medverka til at det var lett å delta i samtalen. Deltakarar uttrykte også at det å bli lest for, samtidig som ein har teksten framfor seg, auka konsentrasjon og merksemd, og gir ei heilt anna leseoppleveling enn når ein les åleine.

Det har vore nyttig at både bibliotekarkollegaer ved biblioteket vårt, og kollegaer frå andre bibliotek i Nordfjord fekk vere med som deltakarar. Det ga nye leseerfaringar og fornya litteraturinteresse, i tillegg til at den faglege og sosiale felleskapen vart styrka.



Figur 3 Etter ei økt med Les-i-lag på biblioteket i Sandane.

Gjorde gjennomføring på ulike stader noko med lesinga? Det var absolutt med på å skape interesse, men sidan lesearbeidet var så konsentrert, var det viktigaste eit lukka rom der vi kunne sitte rundt same bordet, ganske uforstyrra (det fungerte likevel godt i Stryn, der vi satt i nærleiken av utgongsdøra i eit meir-ope-bibliotek). Men fyr i ei gamal grue, som i stova på museet, ga noko ekstra. Det var også stor interesse for økta som opprinnelig skulle foregå på støylen, noko vi trur har litt med valet av stad å gjere.

God kjennskap til både eldre og nyare litteratur var viktig i arbeidet med tekstuval. Vi nytta mest noveller og dikt, men også teikneserie vart prøvd ut, om ikkje heilt vellukka. Her må leseleiar ha eit større fokus på illustrasjonane, mellom anna.

-----

Etter desse erfaringane kan vi stadfeste at delt lesing kan gje delt glede, delt innsikt og ny innsikt. Fleire har spurd om tilbodet vil halde fram, og det vil vi prøve å få til, om enn i eit mindre omfang. Men det å arbeide såpass grundig i ein konsentrert periode, har gitt svært nytige erfaringar for vidare arbeid – noko vi ikkje hadde fått høve til utan desse midlane frå NB.

Resultat i høve til målsettingar: Full måloppnåing!

Målsetjingane våre var:

- Å gje lesarar eit tilbod om denne forma for "i-lag-lesing"
- Lage fellesskap om tekst
- Gje høve til fordjuping i tekst
- Tilby ulike arenar for lesing – i og utanfor biblioteket
- Styrke litteraturglede og leseutforsking hos bibliotektilsette



Figur 4 På veg inn i biblioteket på Nordfjordeid.

# Rekneskap

## Inntekter:

Formidlingsmidlar frå NB: 75 000.-

## Utgifter:

Vikarmidlar 1 månadsverk: 75 000.-

Stadfesting:

Sandane 6.12.2023

Torill Berge  
biblioteksjef  
Gloppen folkebibliotek